

## **Høyring om ordning for utpeiking av biskopar**

Time sokneråd - i møte 23.02.2017- går inn for at biskopar i Den norske kyrkja blir utpeika gjennom val, slik det går fram av kapittel 6.2 i høyringsnotatet.

Grunngjeving:

Val av biskop er mest i tråd med ordninga i lutherske kyrkjer i Norden og elles. Det inneber at biskopen får eit breitt mandat bak seg gjennom ei valordning som sikrar støtte i frå minst 50% av gitte stemmer. Time sokneråd ser dette som mest demokratisk og som eit mindre radikalt forslag enn å etablera eit eige tilsettingsorgan. Vi trur også at ei valordning vil gjera det lettare for kandidatar å stilla seg til disposisjon for nominasjon.

For soknerådet er det også viktig at ein vald biskop, med 2/3 stemmetalsvekt frå eige bispedømme, synleggjer og støttar at kyrkja blir til og må byggjast nedanfrå gjennom lokalt engasjement og tilsyn bygd på tillit gjennom val.

Ei valordning gjev biskopen ei uavhengig stilling. Den demokratiske debatten i kyrkja blir lagd til rådsstrukturen.

Om sentrale organ som Kyrkjerådet eller eit eige tilsetjingsorgan, vel å tilsetja ein annan enn den som har best stemmetall, vil dei ha eit forklarings- og tolkingsproblem. Ei slik utnemning kan vanskeleg reknast som demokratisk.

Bispedømma i Norge er så ulike at det sikrar ei god og riktig breidde i bispekollegiet gjennom ei valordning.

Soknerådet meiner, i motsetnad til kapittel 6,2 i høyringsnotatet , at biskopen bør delta i bispedømmerådet si handsaming av nominasjon av biskop. Biskopen vil kunne ha viktige innspel om kyrkleleg einskap og om kompetansen til kandidatane.

For kyrkja si framtid er biskopen si lokale forankring viktigast. Derfor bør han eller ho utpeikast gjennom val.